

Brasil møter Sogn: Set fokus på diskriminering i jentefotballen

Workshopen skal bidra til å styrke jentefotballen nasjonalt og internasjonalt.



Frå venstre: Christian Frøyd, Karin Wunderlich Casemiro, Isabelle Stival, Kaja Rekkedal, Sara Bruvik. **Foto:** Jim Skarstein

[**Jim Skarstein**](#)Journalist

Oppdatert: tysdag 19. mars 2024 kl. 19:05

– Vi forskar på jentene si utvikling, særskilt med omsyn til Empowerment.

Det seier prosjektleiar og førsteamanuensis ved Institutt for idrett, kosthald og naturfag, Christian Frøyd.

Empowering girls through football-prosjekt (EGP) er eit studentutvekslingsprosjekt mellom Høgskulen på Vestlandet og Federal University of Paraná i Curitiba, Brasil.

I august 2023 vart det gjennomført workshop i Brasil, dei to føregåande vekene vart ein tilsvarande workshop arrangert i Sogndal

Temaet i workshopen er framlegging av resultat i prosjektet, samt utvikling av jentefotballen nasjonalt og internasjonalt.

Frøyd forklarer at føremålet også er å planlegge innhaldet i øktene for jentene som gjennom prosjektet blir trent i Brasil.

Empowerment

Vis meir ↓

Enormt med planleggingstid

Frøyd er godt nøgd med korleis workshopen har utspelt seg til no.

– Eg tykkjer vi har eit variert program med rikeleg innhald, og med førelesarar frå mange ulike retningar.

– Naturlegvis skulle vi ynskje at vi hadde klart å engasjere endå fleire i bygda.

Frøyd ser at det er mange som er opptekne med sitt, men at det onsdag kveld var mange som møtte opp på kveldsarrangementet. Her var det fotball, søvn, ernæring, fråfall, trening og skadeførebygging som var på agendaen.

Sogndal Fotball og Sogndal FK innleia kveldsarrangementet med å fortelje om «Jenter vil meir», eit samarbeid med Syril IL, som er initiert av Sparebanken Vest for å gje jentefotballen på Vestlandet eit løft.



Godt oppmøte under kveldsarrangementet. **Foto:** Kristian Ask/Sogndal fotball.

Fotball betyr alt

Studentane Sara Bruvik og Kaja Rekkedal er begge entusiastiske når dei omtalar prosjektet og workshopen.

Bruvik, som er førsteårsstudent i Idrett og Helse, forklarer at ho har lært mykje nytt desse vekene.

– Noko har nok gått litt over hovudet på meg, men generelt har eg lært mykje om planlegging og prosjektleiing.

Bruvik legg til at det har vore særslig interessant å få vite meir om tilhøva for jentefotballen i Brasil, der moglegheitene ikkje kan samanliknast.

Rekkedal er på tredjeåret i bacheloren Idrett og trenarrolla. Ho er ein av dei som har vore på utveksling i Brasil og har delteke på begge workshopane.

– Det er samla mange intelligente og flinke folk der så eg får god informasjon og referansar inn mot mi eiga bacheloroppgåve, forklarer Rekkedal.

Då Frøyd presenterte prosjektet var ho rask til å syne interesse,

– Då eg fekk tilbodet om utveksling så kjende eg det var heilt rett for meg å reise.

Ho har stor tru på at prosjektet kan utgjere ein skilnad både i Brasil og her heime.

– Får vi opp og fram dette prosjektet så er eg sikker på vi kan gjere ein skilnad når det kjem til diskriminering i jentefotballen.

Før EGP-prosjektet var det ingen moglegheit for jenter å drive med organisert fotball i Curitiba.

Rekkedal observerte likevel noko ho har teke med seg heim i kvardagen sin som spelar for Sogndal FK i 2. divisjon:

– Det gav eit stort inntrykk å sjå den genuine gleda og kjærleiken for fotballen. Her heime byrjar det gjerne som ein interesse som må utviklast, medan der nede betyr det å vere på fotballbana alt.

Kaldt og fantastisk

Karin Wunderlich Casemiro og Isabelle Stival er to av dei brasilianske studentdeltakarane i worshoppen. Karin er på utveksling i 5 månadar, medan Isabelle berre er her for desse vekene.

Det er kaldt og fantastisk, forklarer Casemiro lattermildt når ho blir spurt om å oppsummere tida i Sogndal.

Ho seiere videre at ikkje berre workshoppen, men heile opplevinga med å vere her har vore fantastisk.

– Alt er så forskjellig og det er utruleg kult å sjå dette.



Isabelle Stival og Karin Wunderlich Casemiro **Foto:** Jim Skarstein

– Vi er så imponert over moglegheitene ein har i jentefotballen her, seier Stival.

Stival og Casemiro spelar begge fotball, og har bidrige inn mot prosjektet både som spelarar og trenarar. Dei kan stadfeste observasjonen til Rekkedal.

Casemiro fortel at Brasil er kjent for å vere ein fotballnasjon og at dei elskar spelet.

– Har eg ein dårlig dag, får ei fotballøkt dei vonde kjenslene til å forsvinne.

Dei er begge skråsikre på at prosjektet allereie har hatt ein positiv innverknad i Curitiba.

– Ikkje berre har det gitt jenter moglegheiter til å spele fotball for første gang, men prosjektet gjev oss ei moglegheit til å lære korleis ein jobbar med fotballen i Noreg.

– Struktur, øvingar, kommunikasjon, trenarar, alt er så profesjonelt.

Stival forklarer at det har vore lærerikt å observere korleis trenarar involverar spelarane i refleksjonen kring øvingane.

– Det har fram til no vore heilt utenkeleg med eit slikt eigarskap til treningane heime, avsluttar Stival.